

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 28. november 2018

Stad: seminarrom F, Sydneshaugen skule

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Laura Miles (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Benedicte Mosby Irgens (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Ingunn Lunde (russisk), Jon Askeland (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: ingen representant.

Frå gruppe C: Gita P. Rongevær.

Frå gruppe D: Adam Dean, Anders Olderkjær Samland, Julie Strandheim.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for rådet. Fakultetsstyremedlem Kjetil Berg Henjum var til stades under møtet.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 29. august 2018

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Instituttleiar orienterte om fakultetsstyresak 74/18 om revidert langsiktig fagleg bemanningsplan for 2018-2022. Planen ser ganske bra ut for IF. Japansk-stillinga er sikra på annan måte og går derfor ut av prioriteringslista i bemanningsplanen, engelsk språk vil dessutan få lysa ut ei stilling i 2019. Instituttleiar gjekk gjennom omtalen av dei ulike IF-faga i bemanningsplanen. Lunde peikte på at russisk har hatt to FRIPRO-prosjekt på rad, og syntest det var litt merkeleg at bemanningsplanen framhevar at russisk har hatt ein søknad som ikkje er gått inn, når ein ikkje kjem med tilsvarande opplysningar om andre fag. Johnsen orienterte òg kort om andre fakultetsstyresaker og rådde rådsmedlemane til å lesa sakspapira til fakultetsstyret.
- B) Kort orientering om styringsdialogen med fakultetet tidlegare i november 2018.
- C) UiB skal innføre ei mentorordning frå 2019, der alle bachelorstudentar vil kunna få oppfølging av ein erfaren student.

Sak 4 – Rekneskap 2018 og budsjett 2019 – status ved IF november 2018

Uthaug orienterte om instituttøkonomien. Instituttet kjem til å gå med eit overskot i driftsbudsjettet (annuum) i 2018, og utsiktene er dessutan gode for 2019, først og fremst på grunn av dei store inntektene som blir tilført frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA). Instituttet kjem i 2019 til å dekkja utgifter til eksterne medleamar av eksamenskommisjonar der faga ønskjer slike, det vil bli gitt påskjøningsmidlar for publisering, det er rom for god økonomisk støtte til forskning og publisering og det er aktuelt å tilsetja i nokre fleire toarstillingar (sjå sak 5 under). Dei som har idear til gode føremål instituttet bør finansiera, kan ta kontakt med instituttleiar.

Så snart alle overføringane er gjorde, vil instituttrådet få ei skikkeleg orientering om økonomien i instituttet sine vidareutdanningsprosjekt.

Vedteke (samrøystes): Instituttrådet tek orienteringa om økonomien til vitende.

Sak 5 – Tilsetjing i toarstillingar

Instituttleiar orienterte om saka. Miles lurte på om ein kunne vurdera ei toarstilling på engelsk òg, med bakgrunn i det høgt timeoverskotet. Instituttleiar svarte at dette kunne vurderast, men minna samstundes om at faget for tida har ekstra undervisningsressursar gjennom dei mange stipendiatane med pliktarbeid. Det var inge innvendingar i møtet mot framlegget om å lysa ut toarstilingar i 2019 på arabisk, italiensk og russisk.

Sak 6 – Møteplan for rådet våren 2019

Møteplanen vert sett opp når fakultetet har bestemt sin møteplan vor våren 2019.

Sak 7 - Ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef